



FINNÅS KRAFTLAG

*Referat frå
Årsmøte
i Finnås Kraftlag SA*

Onsdag 21. mai 2025
Langevåg Bygdatun

Styreleiar Torleiv Fylkesnes ønska medlemmane og pressa velkommen til årsmøte.

I Samsvar med § 7.6 i vedtektene, skal styret peika ut møteleiar. Styreleiar Torleiv Fylkesnes var peika ut til å leia møtet. Styreleiar skal syta for at det vert skrive protokoll og han peika ut Bente Steinsland til å vera referent.

Møtet har innan lovleg frist vore kunngjort 10.mai på Bømlo-Nytt, Facebook og på heimesida til Finnås Kraftlag. Alle medlemmer har motteke innkalling via SMS og e-post eller brev. Det er sendt ut SMS-påminning til alle. Sakspapira har vore tilgjengelege på Kraftlaget sitt kontor og på heimesidene frå 9.mai 2025

Det møtte 70 medlemmer med til saman 82 røyster.

Før årsmøtet vart formelt opna vart det utdeling av ungdomsstipend på kr 25.000 til den talentfulle fotballspelaren Heidi Steinsbø Halbmayr. Heidi spelar til dagleg for Sportsklubben Brann og deltok nyleg i EM med U17-landslaget, der dei tok seg heilt til finalen. Ho hadde ikkje høve til å delta på årsmøtet, men sende ei videohelsing der ho takka for stipendet og for tilliten.

Velkomsttale frå styreleiar

Styreleiar opna med å mimre tilbake til oppstarten av fibersatsinga, som i år har 20-årsjubileum. Denne satsinga har vore ein stor suksess for Finnås Kraftlag, og vedtaket om fiberdekning til «alle» har vore viktig for utviklinga av Bømlo-samfunnet. Det er også gledeleg at Finnås Kraftlag skårar høgast på kundetilfredsheit blant alle Altibox-partnarar. Kraftlaget er takksame for den tilliten kundane viser.

Resultat frå nettselskapet Bømlo Kraftnett

Nettselskapet gjer det òg svært godt. Alle nettselskap i Noreg blir målte på effektivitet, og Finnås Kraftlag hadde ved siste måling ein effektivitet på 106,68 %. Dette plasserer selskapet som det 10. mest effektive i landet – framfor til dømes Elvia, som er Noregs største nettselskap. I tillegg viser statistikk over straumavbrot per sluttbrukar at Bømlo Kraftnett ligg på ein solid 5. plass nasjonalt (færrest avbrot).

Styreleiar oppsummerte med at me har eit robust straumnett, og at ein ikkje nødvendigvis må vera stor for å drive godt som nettselskap.

Kapasitetsutfordringar og investeringar

Styret har framleis stort fokus på kapasitetsutfordringar i straumnett. Den største flaskehalsen er trafoen på Stord. Sjølv om dette delvis ligg utanfor vår kontroll, erkjenner styret ansvaret for eit trygt og redundant nett i eige område. Det er difor fatta investeringsvedtak på inntil 60 millionar kroner for å styrke det lokale nettet. I tillegg blir det jobba politisk, og administrerande direktør har no overtatt leiarvervet i Kraftgruppa til Invest in Sunnhordland.

Konkurransedyktige straumavtalar

Til slutt peika styreleiar på at Finnås Kraftlag tilbyr konkurransedyktige straumavtalar. Per i dag er Spot-On-Bømlø-avtalen rangert som den 10. beste av 123 tilgjengelege avtalar. Når ein i tillegg tek med kjøpsutbytte til medlemmene, er det all grunn til å handle lokalt.

Talen vart avslutta med ei samanlikning av kostnadsnivået mot Haugaland Kraft, vår store nabo i sør, samt ei kort orientering om regjeringa sitt forslag til «Norgespris».

Etter dette erklærte møteleiar årsmøtet for formelt opna, og ein gjekk vidare til handsaming av den formelle saklista

Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Vedtak
Innkalling og sakliste vert godkjend

Sak 2 Godkjenning av møtebok for årsmøte 6. juni 2024

Møteboka har vore tilgjengeleg som ein del av sakspapira sidan 9.mai

Vedtak
Møteboka for årsmøte 6. juni 2024 vert godkjend.

Sak 3 Val av to personar til å skriva under møteboka, og val av to valobservatørar

Til å skriva under møteboka vart Ole Johan Jensen og Anne Berit Mæland valde. Johannes Espevik og Marit Brakestad vart valde til å vera valobservatørar.

Sak 4 Endring av vedtekter §10 (bruk av årsoverskot) for å mogleggjera avsetting til nettutbyggingsfond

Styreleiar presenterte saka for årsmøtet.

Han viste til at styret i Finnås Kraftlag SA i styresak 21.24 vedtok å foreslå for årsmøte å opprette eit nettutbyggingsfond som kan gi økonomisk støtte til bygging av elektrisk infrastruktur som er allmennyttig. For å kunne opprette eit slikt fond er det naudsynt å først gjera ei vedtektsendring som må handsamast på to årsmøte. Endringa krev to tredjedelars fleirtal av dei

avgjevne røystene på begge årsmøta. I 2024 vart det gjort 1.gangs vedtak med overveldande fleirtal (Ja: 112 røyster, Nei: 3 røyster, Blank: 8 røyster)

Saksgang

- 1. handsaming av endring i selskapsvedtekter – årsmøte 2024
- 2. handsaming av endring i selskapsvedtekter – årsmøte 2025
- Legge fram retningslinjer for nettutbyggingsfondet – årsmøte 2025
- Første avsetning til nettutbyggingsfond – årsmøte 2025

Bakgrunn/motivasjon

Bakgrunnen for ønske om å opprette eit nettutbyggingsfond er å sikre at næringslivet på Bømlo (Bømlo Kraftnett AS sitt konsesjonsområde) har akseptable og konkurransedyktige kostnader ved etablering av næringsverksemd som krev forsterka straumnett. Fondet skal bidra til å dekke deler av kostnader til etablering av ny elektrisk infrastruktur, som igjen kan skapa nye arbeidsplassar og vera til nytte for allmenta og samfunnet på Bømlo.

Saka har vore vurdert juridisk av advokatfirma Deloitte og deira konklusjon er at avsetning til nettutbyggingsfond er i tråd med samvirkelova, men krev vedtektsendring.

Forslag til vedtektsendring vart lagt fram for 2.gangs handsaming i årsmøte og det vart gjennomført skriftleg avrøysting, der resultatet viste følgjande røystetal:

Ja: 81 røyster, Nei : 0 røyster, Blanke røyster :1

Saka fekk såleis meir enn 2/3 fleirtal og årsmøte gjekk inn for framlegg til vedtak:

Årsmøtet godkjenner at §10 i vedtektene til Finnås Kraftlag SA blir endra i tråd med styret si anbefaling

§ 10 Bruk av årsoverskot

10.1 Styret kan leggja fram forslag om at inntil 35% av årsoverskotet i konsernet **før andre disponeringar**, skal avsetjast til etterbetaling (kjøpsutbytte).

Det er ein føresetnad for vedtak om etterbetaling/forrenting at Samvirkelova sine krav om eigenkapital **og etterbetaling** er oppfylte.

10.2 Styret kan leggja fram forslag om at inntil 25% av årsoverskotet i konsernet **kan avsetjast til eit fond som skal gi støtte til bygging av kraftnett (heretter kalla kjøpsutbytte**.

Det er ein føresetnad for vedtak om tilføring av midlar til Nettutbyggingsfondet at Samvirkelova sine krav om eigenkapital og etterbetaling er oppfylte.

Sak 5 Godkjenning av retningslinjer for nettutbyggingsfond

Utkast til retningslinjer vart lagt fram for årsmøtet

Vedtak:

Framlagd forslag til retningslinjer for nettutbyggingsfondet vert godkjent av årsmøtet.

Sak 6 Godkjenna årsmelding for 2024

Årsmeldinga vart presentert av styreleiar Torleiv Fylkesnes.

Årsmøte gjekk inn for tilråding til vedtak:

Framlagd årsmelding for 2024 vert godkjend som årsmelding for Finnås Kraftlag.

Sak 7 Godkjenna resultatrekneskap og balanse for 2024

Administrerande direktør, Tor Bjarne Smedsrud presenterte rekneskap og balanse. Morselskapet og konsernet har eit årsresultat etter skatt på hhv 68,4 MNOK og 75,4 MNOK

Årsmøtet gjekk inn for styret si tilråding til vedtak:

Rekneskapen vart gjennomgått, og i samsvar med revisjonen si tilråding godkjend.

Sak 8 Gjera vedtak om disponering av overskot

Kraftlaget har, jamfør samvirkelova og vedtektene, høve til å dela ut gåver til allmennyttige føremål.

Premissar for tildeling av allmennyttige gåver var tilgjengeleg som del av sakspapira.

Styreleiaren presenterte styret sitt framlegg til vedtak:

Disponering av årsresultat	kr	75 389 715
Gåver til almennyttige føremål	kr	2 756 000
Avsett til nettutbyggingsfond	kr	5 000 000
Avsette til annen egenkapital	kr	43 133 715
Utdeling av kjøpsutbytte til medlemmer ¹	kr	24 500 000
SUM Disponeringar	kr	75 389 715

¹ Kjøpsutbytte vert fordelt etter medlemmene si omsetning med kraftlaget gjennom 2024.

Styret foreslår at fylgjande allmennyttige gåver vert gitt:

Gåvefond disponert av styre	kr	2 000 000
Gåve Bremnes idrettslag	kr	353 000
Gåve Bømlo idrettslag	kr	77 000
Gåve Bømlo kulturhus	kr	187 000
Gåve Bømlo Røde Kors Hjelpekorps	kr	91 000
Gåve Moster idrettslag	kr	48 000
Sum Gåver	kr	2 756 000

For alle gåvetildelingar gjeld fylgjande:

Før beløpet vert utbetalt må søkjar ha gjort formelt vedtak om igangsetting av prosjektet, og det faktiske arbeidet må vera kome i gong. I tillegg må det liggja føre bindande finansieringsplan med tilsegn. 50% av stønadsbeløpet vert utbetalt ved oppstart og resten når prosjektregnskap er lagt fram.

Det var ingen merknader til styret sitt framlegg, og årsmøtet gjekk inn for styret si tilråding til vedtak.

Sak 9 Fastsetja godtgjersle til styre og valnemnd

Av rekneskapen for 2024 går det fram at godtgjersla til styret og valnemnd er Kr. 500.691,-

Vedtak:

Godtgjersla til styret og valnemnda vert godteken i samsvar med rekneskapen for 2024.

Sak 10 Endring av godtgjersle til styret og valnemnd

Satsane for styrehonorar vart sist endra på årsmøte i 2023. Det står i vedtaket at satsane skal vurderast neste gong i 2025.

Vedtak:

Faste godtgjersler er justert opp med ca. 11,3 %. Dette er i tråd med lønnsvekst i verksemda dei siste to åra.

Faste godtgjersler:
Styreleiar kr. 110 200,- (99 000,-)
Nestleiar kr. 39 600,- (35 300,-)
Styremedlemene kr. 26 200,- (23 500,-)

Møtegodtgjersle for styremedlemene ved styremøte:
Møter med varigheit under 4 t kr. 2 076,- (1 866,-)
Møter med varigheit over 4 t kr. 3 893,- (3 499,-)

Møtegodtgjersle møter og kurs for styremedlemene og valnemnd:
Møter med varigheit under 4 t kr. 2 076,- (1 866,-)
Møter med varigheit over 4 t kr. 3 893,- (3 499,-)

(grunnlag kr. 519 pr.t og 7,5 t)Ved dokumentert høgare dagsats for tapt arbeidsforteneste kan den nyttast.

Satsane vert gjort gjeldande frå 01.01.2025.
Ny vurdering i 2027.

Sak 11 Fastsetja godtgjersle til revisor

Av rekneskapan for 2024 går det fram at det er betalt kr 166 071,- for lovpålagt revisjon i mor og kr 413 571,- for konsernet. Det er også betalt hhv kr 103 100,- og 207 800,- i tilleggstenester.

Årsmøtet gjekk inn for styret si tilråding til vedtak:

Godtgjersle til revisor vart godteken i samsvar med rekneskapan for 2024.

Sak 12 Velja revisor

Finnås Kraftlag SA har brukt Deloitte som revisor.

Årsmøtet gjekk inn for styret si tilråding til vedtak:

Deloitte vart vald til revisor.

Sak 13 Velja styre og styreleiar

Valnemnda har i denne perioden bestått av fylgjande personar:

Sak 14 Velja valnemnd etter forslag frå styret

Oversikt valnemnda og innstilling frå styret:

Valnemnda	Status	Innstilling frå styret
Oddgeir Alvsvåg	På val	Attval
Jannicke Gjerdevik	På val	Attval
Idar Larsen	Ikkje på val	--
Selma Karin Vestvik	Ikkje på val	--
Torhild Taraldsøy	Ikkje på val	--
Leiar:		
Oddgeir Alvsvåg	På val	Attval

Det kom ingen framlegg om motkandidatar, og årsmøtet gjekk såleis inn for styret sitt framlegg:

Vedtak:

Oddgeir Alvsvåg og Jannicke Gjerdevik vert attvald som medlemmer i valnemnda for 2 nye år. Oddgeir Alvsvåg vert attvald som leiar av valnemnda for 1 år.

Med det var alle saker på saklista handsama, og møteleiar erklærte den formelle delen av årsmøtet for avslutta.

Deretter opna styreleiar Torleiv Fylkesnes for ein uformell del, og inviterte dei frammøtte til å kome med tilbakemeldingar til styret – både ros og ris.

Frå førre årsmøte kom det innspel om ønskje om Altibox TV-kurs og spørsmål knytt til cybersikkerheit. I år vart det informert om at det er gjennomført 24 tilnærma fullteikna TV-kurs, og at det er sett i verk ytterlegare tiltak for å styrke selskapet si motstandskraft mot cyberkriminalitet.

Fleire medlemmar nytta høvet til å kome med innspel og refleksjonar:

Finn Brekke oppmoda Kraftlaget om å gi ei tydeleg anbefaling eller rettleiing knytt til den såkalla «Norgesprisen».

Ole Johan Jensen, med kjennskap til Elvia – Noregs største nettselskap – stilte spørsmål om Kraftlaget har registrert eit politisk ønskje om færre nettselskap.

Styreleiar svarte at så lenge ein driv effektivt og leverer gode tenester, er det fullt mogleg å vere eit lite, lokalt selskap. Adm. direktør supplerte med at ein kan oppnå stordriftsfordelar gjennom samarbeid, slik Finnås Kraftlag gjer gjennom Nettalliansen.

Martin Laurhammer uttrykte tillit til at Finnås Kraftlag/Bømlo Kraftnett er stort og robust nok til å halde fram som eit sjølvstendig, lokalt selskap. Han peika på det gode omdømmet, den nære kontakten med kundane og tryggleiken ved å ha eit lokalt selskap. Han understreka

også verdien av støtte til lokale lag og organisasjonar, og gav ros til styret for forslaget om etablering av nettutbyggingsfondet. Han meinte det var positivt at selskapet vil investere i linja frå Børøysund til Langevåg.

Styreleiar nemnde at nettutbyggingsfondet har fått merksemd også utanfor øya, og at Finnås Kraftlag blir oppfatta som eit «framoverlent» selskap.

Frode Urangsæter fulgte opp spørsmål frå Laurhammer om kor mykje ekstra kapasitet ein får for investeringa på 60 millionar kroner. Adm. direktør svarte at ein ventar på ei utgreiing frå konsulentfirmaet Jøsok, og at ein ikkje kan gi eit klart svar før denne er ferdig.

Einar Særsten spurde om det må gjerast tiltak utanfor vårt område. Det vart svart at sjølv om nye sjøkablar er på plass, er ein framleis avhengig av forsterkingar utanfor eige nett – særleg er trafoen på Stord ein flaskehals.

Det vart også uttrykt frustrasjon over elektrifiseringa av norsk sokkel som stel kapasitet for ny etablering i regionen.

Kjell Fylkesnes stilte spørsmål om konkurransesituasjonen på Altibox og peika på prisforskjellar. Han fekk til svar at Finnås Kraftlag handsamar alle kundar likt, og ikkje tilbyr lokkeprisar eller spesialrabattar. I staden får alle medlemmar kjøpsutbytte.

Vidar Nygård gav ros for samfunnsengasjementet til Finnås Kraftlag, og stilte spørsmål om «7 %-regelen». Han lurte på om ein burde vurdere å auke denne til til dømes 10 %.

Styreleiar svarte at sjølv om praksis ofte har vore 7 %, har ein i enkelte tilfelle gitt meir – til dømes til prosjektet på Vetahaugen på Moster.

Styreleiar takka for gode råd og konstruktive tilbakemeldingar, og understreka at styret vil ta med seg innspela i det vidare arbeidet.

Til slutt takka styreleiar Fylkesnes vertskapet i Langevåg Bygdatun for godt samarbeid, og ønskte alle vel heim.

Bente Steinsland, referent

Torleiv Fylkesnes, møteleiar

Anne Berit Mæland

Ole Johan Jensen

